

**Fra:** [Wiik, Elisabeth](#)  
**Til:** [Postmottak JD](#)  
**Kopi:** [Arild Brukstuen](#)  
**Emne:** Høring – midlertidig forskrift om forenklinger og tiltak innenfor justissektoren for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19  
**Dato:** onsdag 25. mars 2020 14.06.34

---

Det vil vere svært nyttig med ei forskrift som opnar opp for større bruk av fjernmøter i domstolane si handsaming av ulike sakstyper. Dette vil løyse nokre av utfordringane ved å avvikle rettsmøter, samtidig som rettsryggeleiken til brukarane er ivaretatt. Forslaget synes balansert.

For somme type saker ville det ha vore nyttig med ei ytterlegare endring av domstolslova, og då i tilknytning til forkynningsreglane.

I dag vert sikta innkalla til rettsmøter til handsaming av besøksforbod (straffeprosesslova kap 17a) og førerkortbeslag (vegtrafikklova § 33 nr 3) ved forkynning av stevning minst 24 timar forut for rettsmøtet, jfr straffeprosesslova § 86. Reglane om forkynning finn ein i domstolslova kap 9, særleg §§167 flg. Sidan dette er saker som hastar å få handsama, er det lite praktisk med postforkynning etter postforkynningsforskrifta. Det same gjeld for retten si handsaming av konkursbegjæringar (kkl § 70). Hovudregelen er derfor i praksis forkynning via stevnevitnet. Reglane om forkynning via stevnevitne krev at stevnevitnet forkynner møtetidspunktet for sikta personleg. Per i dag opnar ikkje lovverket for elektronisk forkynning til partar som ikkje er representert ved advokat. Lovverket opnar heller ikkje for munnleg forkynning via telefon, jfr dstl § 183 som krev at skrevet skal vere kome fram til rette vedkomande. Forkynning ved oppslag eller i postkasse forutset at det først er gjort forsøk på personleg forkynning, jfr dstl § 176.

I rettskrinsen til Søre Sunnmøre tingrett er oppsøkande verksemd frå stevnevitna innstilt på grunn av COVID-19. Det betyr at vi i praksis ikkje får forkynt tidspunkt for rettsmøter i førerkortbeslag, besøksforbod eller for handsaming av konkursbegjæringar i samsvar med reglane i domstolslova. Sjølv om forslaget til forskrift opnar opp for at ein handsamar denne type saker i fjernmøter, forutset dette fortsatt at sikta (evt debitor) er kalla inn til møtet på lovleg måte.

Per i dag er vi såleis avhengig av å få tak i sikta (debitor) per telefon, få opplyst ei epostadresse slik at vi kan sende det som skal forkynnast til denne, samt per telefon få stadfesta at vedkomande er kjent med møtetidspunktet og er villig til å anten møte eller ta del via videokonferanse eller telefon, før vi kan handsame desse sakene, jfr dstl § 183 og dstl § 185. Utifrå rettspraksis er det likevel uavklart om vilkåra for forkynning vil vere oppfylt slik at det ikkje vil vere sakshandsamingsfeil å handsame saka.

Det hadde vore fint om ein kunne vurdere å avhjelpe denne problematikken ved evt. å endre dstl § 176 slik at forkynning kan skje ved oppslag eller i postkasse, også der ein ikkje først har forsøkt å oppsøke vedkomande personleg, eventuelt at ein kan forkynne ved e-post der vedkomande har kjent e-postadresse. Dstl § 185 vil syte for at ein søker å få tak i vedkomande også per telefon og gjeld på vanleg måte. Alternativt kan ein endre dstl § 183 til at det er tilstrekkeleg at vedkomande har blitt gjort kjent med innhaldet i det som skal forkynnast per telefon ved at stevnevitnet les opp dette og evt. også ettersender per e-post.

Med vennleg helsing

Elisabeth Wiik

Sorenskrivar

Søre Sunnmøre tingrett

Telefon: + 47 70 05 44 40

Direkte linje: + 47 70 05 44 43

Mobil:+47 47 62 34 10